

Fjordvegen Riksveg 13

Vår referanse:
2025/293 - 2

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Karina Nerland

Dato:
10.01.2025

Organisering av Fjordvegen rv 13

Fjordvegen rv 13 vurderer organisering og arbeidsoppgåver, og som del av prosessen har styret kontakta dei tre regionråda. Det er positivt at styret i Fjordvegen inviterer regionråda til å delta i drøftingane om organisering og omfang.

Sognarådet interkommunalt politisk råd (IPR) er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Fjordvegen rv 13 er eit viktig interesseselskap for å få auka midlar og framdrift for standardheving for rv 13 Stavanger-Sogndal. Med den aukande rasfaren som følgje av klimaendringane, er dette arbeidet meir aktuelt og viktigare enn nokon gong.

Sognarådet IPR er svært nøgd med Fjordvegen sitt arbeid for å sikre ein trygg og rassikker riksveg for indre Vestland. Vi ønskjer å bidra med våre ressursar til å styrke dette viktige arbeidet. Gjennom det siste året har vi styrkt vår kapasitet til påverknadsarbeid i Sogneregionen, og er godt rusta til å ta på oss nye oppgåver for Fjordvegen.

Samstundes ser vi samarbeidet i Fjordvegen som ein viktig spire for breiare samarbeid mellom regionane, som kan skape synergjar på fleire politikkområde. Sognarådet er innstilt på å ta ei aktiv rolle i å styrke samarbeidet også på andre politikkområde der regionane deler felles interesser og utfordringar.

Erfaring frå andre regionar viser at dei som lukkast med å oppnå politisk gjennomslag for samferdslesaker, har ein dedikert person som jobbar med dette i full tid. Sognarådet er i stand til å levere stillingsressurs til Fjordvegen i 70-100 % stilling, avhengig av kva stillingsomfang Fjordvegen ønskjer å kjøpe.

Gjennom ei omdanning i regionrådet har vi tydelegare skilt mellom politisk arbeid og tenestesamarbeid. Sognarådet IPR har fokus på politikkkutforming og påverknadsarbeid, og har no styrkt kapasiteten med to fast tilsette i IPR-et. Stillinga i Fjordvegen vil bli ein del av vårt fagmiljø på Campus Sogndal. I det regionale teamet inngår også to fast tilsette i Sogn kommunalt oppgåvefelleskap, som jobbar med tenesteutvikling.

Sognarådet IPR har ein solid struktur og eit sterkt fagleg fellesskap som gjer oss godt rusta til å levere tenester til Fjordvegen Riksveg 13. Vi ser fram til å fortsetje det gode samarbeidet.

Med helsing

Roy Egil Stadheim

rådsleiar

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.